


# BOKN BYGDEBLAD

Nr. 7. - aug. 1986 årg.1

## BOKN PLAST UTVIDER

LES SIDE 2



# BOKN PLAST UTVIDER

Det er ikke bare oppdretts næringa som seiler i medvind på Bokn for tida. Bokn Plast har nemlig økt omsettingen og kan dermed trygt vise "permitteringsspøkelset" døra.


I et innslag fra Bokn i lokal sendinga tidligere i sommer, fikk en inntrykk av at tida nå er inne for utvidelse av både arbeidsstokk og lokaler.

Bokn Bygdeblad har i en sam tale med daglig leder for Bokn Plast, Gunnar Eide, fått bekreftet at det her er tale om en utvidelse av industrilokaler med 1.000 kvadratmeter, og en utvidelse av arbeidsstokken med ca. 8-10 personer. Gunnar Eide understreker imidlertid meget sterkt at dette fortsatt er på planleggingsstadiet, og at det ennå ikke er fattet noe endelig vedtak for denne store utbygginga. I innslaget i lokalsendinga kunne en nemlig få det inntrykk at dette var planer som skulle realiseres ganske snart.

Det som imidlertid skal realiseres, er en mindre utbygging av de allerede eksisterende industrilokalene. Det er her snakk om et tilbygg på 300 kvadratmeter i to etasjer. Tilbygget skal vende ut mot sjøsiden og vil derfor ikke berøre arealet i Føresvik sentrum.

Lokalene skal benyttes til montering av septiktanker og til produksjon av større spesialtanker. "Håland & Thuestad" har fått byggeoppdraget, og bygget er ventet ferdig ved juletider.


Gunnar Eide regner ikke med



flere arbeidsplasser som følge av denne utbygginga.

Ordreboka viser at septiktankproduksjonen går svært bra. Produksjonen av kar til oppdrettsnæringa går også for fullt - her er jo Bokn Plast hovedleverandør på landsbasis.

Det er den stadig økende etterspørselen som er årsak til utvidelsen. En har faktisk måttet leie Skjold Plast til å ta oppdrag inntil nye lokaler står ferdige. I tillegg har en også måttet si fra seg spesialoppdrag. Så Gunnar Eide og boknarane har all grunn til å glede seg over denne fine framgangen for Bokn Plast!



# PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

## I DAG : Kyrkjebygd søndagsskule

Søndagsskulen står tilslutta Karmsund-Sunnhordland krets av Norsk Søndagsskuleforbund.

Kyrkjebygd søndagsskule vart starta i 1934 av Magda Sæbø. Etter henne er det fleire som har vore leiarar, i kortare eller lengre tid.

Me møtest på Bokn skule dei søndagane det ikkje er gudsteneste. Då begynnar me kl. 10.00 og sluttar mellom kl. 10.45-11.00. Vanlegvis nyttar me musikkrommet.

Alderen på borna varierer f.t. mellom 3 og 12 år. Forrhige år (85/86) var det 27 innskrivne medlemmer. Mange er svært flinke til å møte fram, andre veit at søndagsskulen finst og vankar innom av og til.

Kva gjer me så på søndagsskulen?

Noko av programmet er likt frå gong til gong: Me har ei tekstbok med tekst for kvar søndag. Dette er hovudinnhaldet i søndagsskule-timen. Ut frå teksten har me eit minneord for dagen.

"Fader vår" les me også kvar gong. Nokre få songar går igjen slik at me blir godt kjende med dei. Dei songane der me og får bruka hendene, er svært populære.

I det siste har me kvar søndag lese eit lite stykke frå boka: "Gud og jeg er venner" av Kari Vinje.

Dei eldste av borna er med og hjelper til. Borna får kvar sitt eksemplar av "Barnas søndagsskuleblad".

Kvar gong samlar me inn pengar. Desse pengane sender me til Hong Kong. Me fjernadopterer ein gut der. Han heiter Ma Chung Fai, og er fødd 22.09.70. Me sender 700 kr. i året og hjelper han så han kan gå på skule.

Så har borna frammøtekort, og det er viktig å få med stjerna eller fisken kvar gong! Om våren deler me ut diplomar til dei som har gått flest gonger på søndagsskulen.

Kvar haust når eit nytt søndagsskuleår tek til, får borna ei oversikt over dei søndagane framover det blir søndagsskule. I tillegg set me det inn i Bygdebladet. I haust er me ennå ikkje kome i gang, men eg reknar med at me begynnar midt i september.

Til slutt vil eg minna oss alle om eit vers frå "Glad Sang":

"Ja, eg veit at Jesus bryr seg om meg  
Han bryr seg om nettopp meg.  
Han vil vara meg kvar eg går,  
Sommar, vinter og haust og vår".

Med helsing

for Kyrkjebygd Søndagsskule

Målfrid Langhelle

# BYGDEBOK - NEMNDA I ARBEID.

Bokn kommunestyre hadde i møte den 1. juli saka om oppnemning av bygdeboknemnd oppe til hand saming. Som tidlegare nemnt i bygdebladet, har kulturstyret tidlegare vedtatt å oppnemna ei bygdeboknemnd på 6 medlemmer. Kommunestyret slutta seg til dette framlegget, med det til legget at nemnda vart utvida med 1 person. Det var representanten Sigurd Johnny Svendsen som kom med dette framlegget:

- Nemnda blir utvida til 7 medlemmer, og Målfrid Kro Trosnavåg vert oppnemnd som nytt medlem.-

Vedtaket var samrøystes.

Bygdeboknemnda ser då slik ut:

Sigvart Våga, Olaug Hognaland, Svein Ivar Langhelle, Liv Vatnaland, Vidar Grønnestad, Solveig Ellingsen og Målfrid Kro Trosnavåg.

Bygdeboknemnda hadde det første møtet sitt den 22. august. Her vart det vald formann og skrivar. Det var Sigvart Våga som vart formann, og Solveig Ellingsen vart skrivar. Vala var samrøystes.

Det er avsett eit bygdebokfond i Bokn som er på vel kr. 21.000,-. Dette vil bygdeboknemnda nå søkja om å få disponera til dette arbeidet. Vidare er det gjort framlegg frå kulturstyret om å løyva kr. 10.000,- i 1987, kr. 20.000,- i 1988 og kr. 30.000,- i 1989 til dette arbeidet.

Dersom ein ser på kostnadene med å få skrive bygdebøker på vanleg måte - ved å tilsetja profesjonelle folk til dette, er det svært mykje pengar som skal til. Med dei midlane som ein nå har i sikte på vårt budsjett, må ein starta på ein måte som krev mindre utteljing

økonomisk, men som likevel vil gi ein god start der ein får med vesentlege ting. Som tidlegare nemnt i bygdebladet, bør ein kopiera og systematisera Eliseus Vatnaland sine samlingar med sikte på utgjeving. Dette er ein av dei tinga nemnda vil sjå på om dei kan realiserast. Vidare vil dei undersøka kor vidt dei kan få ein hovedfagstudent ved eit universitet til å skriva ei oppgåve t.d. om ei bestemt grein av arbeidslivet i Bokn (fiske?) i ein viss epoke, t.d. på 1800-talet.

Nemnda vil vidare gå i gang med å samla og laga eit arkiv over bilete frå eldre tider. Det betyr at seinare vil folk bli bedne om å låna ut eldre bilete for kopiering. Alle vil få dei tilbake. Det er om å gje ra at folk tek vare på slike ting, slik at dei kan bli bevarast for ettertida. Slike bilete illustrerer godt korleis folk levde i eldre tider, og saman med anna skriftleg og munnleg stoff, kan ein få eit meir korrrekt bilete av livet før.

Nemnda vil også gå i gang med å intervjua folk som kan fortelja frå dei sjølv var unge, eller frå endå eldre tider.

Ein har også anna stoff som nemnda kan gjera nytte av. Det fins samlingar (m.a. slektshistorie) av Ansgar Ellingsen. Vidare var det ei sammnemnd av bygdeboknemnder i byrjinga av 1950-åra. Tanken var å skriva heile Karmsund historie. Frå dette som her vart gjort, er det også stoff frå Bokn.

Bygdeboknemnda i Bokn tek i første omgang sikte på å gje ut skriftseriar og bildebøker. Før dette kan realiserast, har nemnda eit stort arbeid føre seg.

## BYGDEBOKNEMNDA I ARBEID, framh.

For å få eit best mulig resultat, er nemnda avhengig av at folk støttar opp om dette, og er vel viljuge når ein bed om hjelp til å få inn det materialet som trengst i dette arbeidet.

Bygdeboknemnda er så heldige å ha med seg to profesjonelle folk, nemleg Bygdebokforfattarane Svein Ivar Langhelle som er medlem av nemnda, og Birger Lindanger som har sagt seg viljug til å vera med og gi fagleg rettleiing og hjelp.

Bygdebladet vil i tida framover vera i nær kontakt med nemnda, og dermed koma tilbake og informera om arbeidet etter kvart som det er noko nytt som skal skje.

## God skatteinn- gang i Bokn.

Til og med mai månad har skatteinngangen i Bokn vore slik:

januar	316.540	244.973
februar	205.360	166.316
mars	433.162	450.360
april	139.788	74.166
mai	552.868	469.430
<hr/>		
sum	1.647.718	1.405.245

Skatteinngangen pr. 1.06.86 er i alt på kr. 1.647.718,- mot kr. 1.405.245,- dvs. ein auke på kr. 242.473,- eller ca. 17,3% i høve til 1985.

For 1986 har ein budsjettert ein auke i skatteinntektene på 8,6% i høve til 1985. Ein ligg til nå såleis godt over budsjettert skatteinn- gang. Ein ligg også godt over gjennomsnittleg skatteinn- gang i fylket .

## Koppar og kar for 17.- mai overskot?

Overskotet etter 17. mai feiringa 1986 var kr. 4.310,-.

17. mai komiteen for 1986 har vedteke at dei vil søkja formannskapet om at dette overskotet må gå til innkjøp av koppar og kar til skulen. Det er mykje av det gamle som er knust, slik at det nå trengst å kompletterast.

## BOKN FÅR DRIVA SJU KESTOVA FRÅ -87 ?

I det budsjettframlegget som fylkeshelesjef Helge Bryne nå legg fram til politisk handsaming, er det lagt opp til at heile seks sjukeheimar i fylket kan bli ståande tome i 1987, melder Haugesunds avis.

Mellom dei tiltaka som får midlar til drift, er Bokn sjukesto- ve. Dermed ser det ut til at sjukestova vil kunna koma i drif- t nokolunde etter planen ein gong på sommaren 1987.

Ein kan vel rekna med at ein av grunnane til at sjukestova i Bokn ser ut til å få driftsmid- lar, er at kommunen ikkje har sjukeheim frå før.

Fylkeskommunane skal driva sjukeheimane ut 1987. Etter den tid skal kommunane overta ansvaret for sjukeheimane. Kommunane skal då få driftsmidlane gjennom det såkalla rammetilskotet som

HEIMESJUKEPLEIEN - VAKTLISTE - SEPTEMBER 1986

Man. 1. sept. Tir. 2 Ons. 3 Tor. 4 Fre. 5	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 6 Søn. 7	Else Nilssen har vakt heile helga frå fredag kl.16.	
Man. 8 Tir. 9 Ons. 10 Tor. 11 Fre. 12	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag	Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08 Mand. og tirsd. Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08 onsd. og torsd. Gunn Gr.stad har vakt fre. frå kl.16
Lør. 13 Søn. 14	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man. 15 Tir. 16 Ons. 17 Tor. 18 Fre. 19	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 20 Søn. 21	Eva Svendsen har vakt heile helga.	
Man. 22 Tir. 23 Ons. 24 Tor. 25 Fre. 26	Else Kristine Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn A. Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Lør. 27. Søn. 28	Gunn A. Grønnestad har vakt heile helga.	
Man. 29 Tir. 30 Ons. 1. okt. Tor. 2 Fre. 3	Eva Svendsen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Else Kr. Nilssen har vakt frå kl.16-08.

MERK.

På tirsdagane på dagtid ut-  
fører heimesjukepleien berre  
faste pleieoppdrag.

Andre som treng hjelp denne  
dagen kontaktar legekontoret  
telefon 35 465.

LEGE

Dr. Aune er her kvar tirsdag.  
Hugs også at turnuskandidaten  
kjem 2. og siste fredagen i  
kvar månad.

I september den 12. og 26.

TELEFONAR:

Nye telf.nr. frå 5.sept. kl.17

ELSE NILSSEN 74 83 38

GUNN GR.STAD 74 85 83

EVA SVENDSEN 74 83 39

ELSE KR. NILSSEN 74 83 38

LEGEKONTORET 74 84 65

LEGEVAKTTENESTA

For dei som ønskjer å kontakta  
legevakta direkte utan å gå  
om heimesjukepleien, er tlf.nr.  
85 25 20 frå 5/9 kl.17.

Kopervik kvardagar mellom  
kl.15-08. Lørd./Sønd. døgnvakt.

# Bokn kommunale barnehage

OPPTAKSREGLAR - OPPTAKET 1986/87

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 1. juli vedtak om opptaksreglar ved Bokn barnehage.


Dei er slik:

1. Funksjonshemma born som kan ha nytte av barnehageopphald skal prioriterast. Det same gjeld born som er tilrådd barnehage plass ved PP-tenesta eller barnevernsnemnda/sosialstyret.
2. Seksåringane skal prioriterast og får som før automatisk plass ved hovedopptak.
3. Ut frå pedagogiske og sosiale omsyn, må ein m.a. sjå til at gruppene skal ha ei rimeleg aldersfordeling.
4. I uprioritert rekkefylgje skal ein ta omsyn til:
  - a) born som har einsleg forsyntar.
  - b) born frå heimar som ligg slik til at det er lite høve til leik med andre born.
  - c) born frå heimar med særlege vanskar, t.d. av sosial, helsemessig art, bustadtilhøve, trafikk o.a.
  - d) born som har hatt plass før kunna få fornya plass av omsyn til kontinuiteten.
5. Dersom fleire søkjarar står likt, kan ein vidare leggja vekt på om begge foreldra er i arbeid/utdanning, og eventuelt på alder når ein likevel tek omsyn til ei rimeleg aldersfordeling for aldersgruppene 3 - 6 år.
6. Opptak gjeld for eit år om gongen frå august, og søkjarar under pkt. 1 kan få plass frå det året dei fyller 1 år, medan søkjarar under pkt. 4 og 5 kan få plass når dei fyller 3 år i det kalenderåret barnehagen startar.
7. For å få plass i barnehagen, lyt barnet vera busett i kommunen. Ved ledige plassar kan likevel born som ikkje er busett i kommunen få plass, med prioritet for dei som arbeider i kommunen.
8. Avgjerd om vedtak kan ankast av søkjaren. Ankefrist er 3 veker.
9. Det vert halde av ein ledig plass ut august for ankesaker eller på komne tilfelle.
10. Talet på plassar i barnehagen er det som lova set som maks, 18 plassar i alderen 3-6 år (9 plassar i alderen 0-2 år).
11. Frist for oppseiing av barnehageplass er ein månad. Etter 1. april kan ikkje plass seiast opp for ved anna enn flytting.
12. 6-åringar skal etter eige ynskje kunna få plass ein dag for veka i vårhalvåret.
13. Reglane gjeld førebels berre ved tildeling av plassar for året 1986/87.

Etter opptak, viser det seg at 2 born under 3 år har fått plass 5 dg. i veka, medan 28 born mellom 3-6 år har fått plass 2 eller 3 dg. i veka. Det er 1 ledig plass som skal avgjerast ved handsaming av ev. ankesaker.

Årsaka til at så mange har fått plass, er at så mange berre har plass 1, 2 eller 3 dg. i veka, og dermed ikkje legg beslag på full plass.

Det har vore rift om plass i barnehagen ved siste opptak. Det var 8 born som ikkje fekk plass, og det er første gong i barnehagens historie at det har skjedd.



# FISKERIHAVNA

I eit møte mellom teknisk utval og formannskapet vart det bestemt at ein skulle be Kystverket om å foreta ein del sprenging i fiske rihavna ut over det som var nød vendig for Kystverket sjølv.

Kystverket har bora dei nødven dige hola, og kommunen må betala dynamitten - kr. 25.000,-.

Dei lausmassene ein får vil ein nytta til utfylling lengst nord i fiskerihavna. Utgiftene til dette vil bli kr. 22.000,-.

Bokn kommunestyre gjorde den 1. juli vedtak om å løyva til saman kr. 47.000,- til ovannemnde arbeid - opparbeiding av industri område.

Arbeidet er nå utført, og ein kan nå gå tørrskodd ut til Grashol men i nordre del av fiskerihav na.

# VEVSTOVA

I samband med utvidinga av Bokn kommunale barnehage, vart Vev stova huslause. Det kom då spørs mål til kulturstyret om Vevstova kunne nytta det gamle skulekjøk enet i 3. etasje.

Dette vart drøfta med represen tantar frå Vevstova og dei andre brukarane av 3. etasje, nemleg Bedehuset.

Problemet vart til slutt å bli same om kor stort kjøken Bede huset hadde trong for, og kor vidt om det som då sto att av lokalet var stort nok til Vev stova.

Kulturstyret gjorde eit samrøy stes vedtak om at det skulle set jast opp ein lettvegg, slik at Bedehuset får eit kjøken på 5,95m x 2,60m. Dvs. 15,47 kvadr.m.

Det som då er til disposisjon for Vevstova er på 32,72 kvadratm. I tillegg får Vevstova bruka til støytande smårom pluss ein del av gangen.

Bokn kommunestyre godkjende i møte den 1. juli dei planane som kulturstyret hadde gått inn for, og løyvde kr. 8.000,- til det arbeidet som skal utførast.

# FASTLANDSSAMBANDET

Folk frå Vegkontoret i Rogaland har nå vore ute i terrenget og gått over traseen for det nye vegprosjektet Susort - Are. Dei har snakka med grunneigara ne, og påvist kor vegen er plan lagd.


På ein del av strekninga har dei også stukke ut vegen, slik at ein kan sjå kor midtlina vil gå.

På Are kan ein nå sjå at fyll inga til moloen viser godt att mellom Laksaberget og Nordre Solholmen.

Haugesunds Avis meldte nyleg at vegsjefen i Rogaland går inn for at slutføringa av Bokn pro sjektet blir forsert med eitt år. Det skal nå undersøkjast om ein kan ferdigstilla prosjektet i 1991 - i staden for 1992 som opprinneleg planlagt. Det er trafikkutviklinga og auka bom pengeinntekter som gir grunnlag for forseringa.

Det ser ut til at veg- og bru/ tunnel prosjekt også til Rennesøy kan la seg gjennomføra tid legare enn ein før har antatt. Stavanger Aftenblad melde den 23. august at rennesøy-buen inn an 1993 kan koma tørrskodd til fastlandet. Som kjendt vil dett e prosjektet også verka inn på ferjesambandet frå Bokn og sør over, då ein har i sikte å flyt ta ferjeterminalen frå Mekjar vik til ein stad nord i Rennesøy kommune etter at Rennesøy er kny tta til fastlandet. Ferjestrek ninga Are - Rennesøy vil bety ein vesentleg innkorting på av standen mellom nord- og sørfyl ket når det gjeld ferjetid.





OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

- tlf. 35465 -

## LESETIPS FOR SEPTEMBER:

- \* Le Carré, John:  
Den perfekte spion. 1986.
- \* Wallraff, Günter:  
Aller nederst. 1986.
- \* Maclean, Alistar:  
Ensomt hav. 1986.
- \* Seeberg, Eva:  
Jeg kommer. 1986.
- \* Såtvedt, Olav:  
Så edelt et malm. 1985.
- \* Jacobsen, Alf R.:  
Osiris. Thriller. 1986.
- \* Tyler, Anne:  
Tilfeldig turist. 1986.
- \* Rogstad, Anker:  
Ærens pris. 1986.
- \* Enoksen, Arne Mikal:  
Med Capricornus over alle hav. 1982.
- \* Askelund, Jan:  
Löva bröler i bushen. 1986.

SIMON FLEM DEVOLD om

BARN  
OG  
BØKER:



**Aldri har gode bøker for barn  
vært så viktige som nå.**

Foreldrene mine leste for meg på senga, hver kveld. Jeg ble bokorm. Jeg kan ikke leve, uten at jeg vet at jeg har en god bok som ligger og venter på meg. Vi har fem barn, som er voksne nå. De fikk den samme basillen i seg da de var små. For dem er bøker en daglig glede, en nødvendig føde for fantasi og tanker. Bøker er venner. Men jeg tror du må bli kjent med dem, når du er liten. Foreldre som ikke viser barna sine disse vennene, snyter dem for en stor og livsvarig glede. Aldri har gode bøker for barn vært så viktige som nå, i en TV- og video-tid. TV-skjermen er for passive tittere. Bøker er for aktive mennesker, som kan skape bilder inne i seg selv. Bøker er for slike mennesker som vi ønsker at barna våre skal bli. Men da er det jo en plikt å gi dem gode bøker, lese bøker for dem, føre dem inn i denne gleden!

*Simon Flem Devold*

**BARN  
+  
BØKER = TRIVSEL!**

BKFR'S  
JUBILEUMS-  
UTSTILLING  
PÅ VANDRING  
1986

# BOKN SKULE

## 29. 30. og 31. august .

Galleri BKFR (Bildende kunstneres forening Rogaland) feirer i år 20 års jubileum. Galleriet skal i haust og heilt fram til oppunder jul ut på ei vandretstilling i fylket. Åpninga var i Stavanger konserthus, og siste visingsplassen er Kvitsøy. Utanom dette skal utstillinga til Bokn, Rennesøy, Karmøy, Haugesund, Suldal, Sauda, Time, Klepp, Randaberg, Vindafjord, Stavanger og Sola.

Galleriet si målsetjing har gjennom alle år vore at "kunsten skal ut til alle".

På utstillinga deltar 35 kunstnarar med 73 arbeid i ulike teknikkar:

Maleri - teikning - skulptur - tekstil og grafikk.

Utstillinga vil vera åpen for publikum fredag 29. august, laurdag 30. august og søndag 31. august, alle dagar frå kl. 15.00 - 17.00. Torsdag og fredag vil utstillinga bli brukt av skulen på dagtid.



Ellef Gryte: Fjordabåten er her, tresnitt

Eit av bildene frå utstillinga.

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie fredag den 5. september. Påmelding til sosial kontoret, tlf. 35 532 snarast.

## DANS

Diskoteket har ope desse laur dagane i august/september: 30.august, 6.september, 20.september og 27.september.  
Vaktlister er utsende.

BOKN BRASS arrangerer DANS laurdag den 13.september på Bokn skule. Musikk: RAPIDO



KYRKJEBYGD SØNDAGSSKULE:

SEPTEMBER: 14. og 21.  
OKTOBER : 12. og 26.  
NOVEMBER : 2., 16. og 23.  
DESEMBER : 7. og 14.

I REDAKSJONEN: Ingunn Våge, Tove Steingilda og Reidar Alvestad.

# Her får du reiseforsikring som gjelder hele familien, på alle reiser, hele året.

FOR DEG SELV

**210,-**

FOR HELE FAMILIEN

**280,-**

